


BOKN BYGDEBLAD

Nr. 10 - DESEMBER 1987 ÅRG. 2

GOD JUL
GODT NYTT ÅR



JULEHELSING TIL BOKNAFOLKET

Ja, så nærmar jule og nyårshøgtida seg med raske skritt. Då er det også tida for å sjå attende på hendingar i det året som snart er over i historia.

Aret 1987 er eit år prega av viktige hendingar, sett i kommunal samanheng.

Av mange gledelege ting er det nybygget i Føresvik som gledar meg mest, og då serleg sjukeheimsdelen. Det at me no kan ta vare på våre pelietrengande i vårt eige miljø trur eg me alle set overmåte stor pris på. Me har også i dette bygget fått gode arbeidsforhold for dei tilsette i kommunens administrasjon. Dette er også svært viktig, og det har også falle mange lovord om bygget.

Anleggsarbeidet med fastlandssambandet er nå godt igang, og viser igjen i terrenget. Seinhastestes neste år vil Ognøy vera landfast med Tysvær, og arbeidet i Ognøysundet vera godt igang.

Framdriftsplanane hjá anleggsledelsen er klar. Heile anlegget skal vera ferdig og kunna setjast under trafikk hausten 1990.

Det nyetablerte Bokn fiskemottak a/s gjev ein kjærkomen tilvekst på arbeidsplasser. Vona er at denne bedrifta vil gå godt, og også kan utviklast vidare.

Området rundt Knarholmen er nå tilrettelagt med ny kai og renseanlegg. Vassledning fram til området er under arbeid.

Området er klar for utbygging.

Den auken i arbeidsplasser me har fått dette året både i den kommunale sektor og elles, har utløyst eit behov for heiltidsbarnehage. Kommunestyret har teke konsekvensen av dette, og heiltidsbarnehagen kom i haust.

Inneverande valperiode er snart slutt, og frå nyåret vil arbeidet gå vidare med delvis nytt mannskap. For dei som no sluttar av vil eg seie takk for laget og for innsatsen. Dei fleste vil nok koma att seinare.

Takk til dei tilsette i kommunen som kvar på sin plass gjer jobben for oss, slik at me alle kan få dei offentlege tenester me skal og må ha.

Eg vil også takka foreiningar - lag og enkeltpersonar som kvar på sin kant driv verdifullt arbeid i bygda vår. Me ville vera fattige utan dei.

Ved opninga av sjukestova kom det inn mange fine gåver, eg vil få seia hjarteleg takk for dei. Spesielt må me takka Bokn sanitetsforening for dei store gilde gavene dei har gitt.

Gledelig Jul og godt Nyår til alle!

Helsing Leif

**DEN POLITISKE TOPPLEIINGA I BOKN FOR
DEI KOMMANDE 4 ÅR ER KLÅR.**

Konstituerande møte vart halde den 12. november 1987.

Ingen store overraskingar, men for første gong vert det ei kvinne med som fast medlem i formannskapet.

Til formannskap stilte Sp og Ap kvar si liste, H og Krf hadde fellesliste.

Dei valgte er:

Senterpartiet:

Leif Vatnaland, Alf Alvestad.

Varamenn: Bernhard Våge, Bertha Våge, Sigurd Berge, Anne Marie Medhaug.

Fellesliste H + Krf:

Gunn Grønnestad, Finn Kro.

Varamenn: Sigurd Johnny Svendsen, Svein Ove Alvestad, Ingvar Alvestad, Svein Kro.

Arbeiderpartiet:

Svein Ivar Langhelle.

Varamenn: Tove Steingildra, Arne Hosaas.

Før ordførarvalet vart fremma, gjorde Alf Alvestad fra Sp merksam på at Sp og Ap hadde inngått eit valteknisk samarbeid når det galt val av ordførar og varaordførar. Det gjekk ut på at Ap sine representantar skulle røysta på Sp sin ordførarkandidat og Sp sine representantar skulle røysta på Ap sin varaordførarkandidat.

Han fremma forslag om Leif Vatnaland (Sp) som ordførar. Det vart ikkje fremma andre forslag.

Avrøystinga synte at Leif Vatnaland vart vald til ordførar for nye 2 år. Han fekk 13 røyster, 4 setlar var blanke.

Til varaordførar vart det sett fram to forslag. Tove Steingildra fremma forslag på Svein Ivar Langhelle frå Ap. Ingvar Alvestad fremma forslag på Gunn Grønnestad frå felleslista H + Krf.

Ved avrøystinga vart Svein Ivar Langhelle vald. Han fekk 11 røyster. Gunn Grønnestad fekk 6 røyster.

Det vart og vald skulestyre. Valet vart fremma som forholdstalsval og partia stilte kvar si liste.

Desse vart valde:

Senterpartiet:

Bertha Våge, Inger Jøsang, Anne Marie Medhaug, Rune Vatnaland.

Varamenn:

Bjarte Kro, Torleif Jøsang, Ragnhild Laupland, Oddrun Håland, Vidar Grønnestad, Johannes Nilssen.

Høgre:

Linda Jensen, Kari Våge.

Varamenn:

Trine Grønnestad, Edgar Våge.

Arbeiderpartiet:

Arne Hosaas, Ingrid Jøsang.

Varamenn:

Ove Alvestad, Venke Jøsang, Kjell Blikshavn, Bjørg Alvestad.

Kristeleg folkeparti:

Sigmund Alvestad.

Varamenn:

Marie Vägshaug, Edvin Øvrebø.


Til valnemnd som skal komma med framlegg på val av hovedutval og andre nemnder vart vald: Formannskapet + Sigurd Johnny Svendsen frå Krf.

Budsjett 1988 med instrammingar - men ikkje kri- se- budsjett.

Den kommunale verksemda i 1988 blir på dei fleste områda halde på same nivå som i 1987. Rådmannen sitt framlegg til budsjett for neste år er svært nøkternt, og ber preg av økonomiske innstrammingar i den kommunale sektoren. Sjøl om dei ulike etatane i utgangspunktet har lagt fram nøkterne budsjettframlegg for 1988, har rådmannen redusert desse i sitt endelige budsjettframlegg til formannskap og kommunestyre.

Bruttabudsjettet har ei ramme på kr. 17.088.967 mot kr. 23.427.065 i 1987, dvs. ein reduksjon på 27,1%. Ser ein bort frå investeringane til kombibygget var bruttabudsjettet for 1987 på kr. 14.427.065. I høve til dette er bruttabudsjettet for 1988 18,5% større enn i 1987.

Kommunen sine driftsutgifter inkludert renter og avdrag utgjer i alt kr. 14.730.200 og fordeler seg slik:



I budsjettframlegget ligg det ein auke i musikkskulen frå -87 til -88 på 62%. Det vesentlege av dette er at stillinga som leiar av musikkskulen er auka frå 1/3 til 1/2 stilling, og at aktiviteten elles er auka.

Ved sjukestova og i åpen omsorg er det framlegg om utviding av bemanninga som vil kosta ca. kr. 82.000,-. Bakgrunnen for dette er at ein skal få til ein turnus som kan fungera tilfredsstillande, og kunna utføra arbeidsoppgåvene både ved sjukestova og åpen omsorg tilfredsstillande.

Ved teknisk etat er det ført opp 1 ny stilling som avdelingsingeniør frå 1.april 1988.

Budsjettet skal opp til handsaming og avgjerd i kommunestyret tirsdag den 15.desember.

FIN ADVENTS- KONSERT.


Bokn Brass sin adventskonsert samla godt med publikum 1. sundag i advent på Bokn skule.

Tradisjonen tru var konserten delt opp i to - med innlagd kaffipause.

Konserten vart gjennomført under dirigent Jardar Havik botn, og det er tydeleg at Bokn Brass nå har eit nivå som det står respekt av.

Konserten var sjølsagt prega av at det er ei førjulstid, og vart avslutta med melodien "When a child is born" av Zadar/Jay arr.John Golland. Nydeleg melodi - fint spela.

Den var kanskje ny på repertoaret? Etter trampeklapp måtte Bokn Brass til med eit ekstranummer.



Søndag 20.des.kl.16.30 inviterer
Bokn barnekor til egen konsert på
skolen. Konserten dreier seg hoved-
saklig om julekantaten "JUL PÅ JORD",
og dette er den største oppgaven
barnekoret har tatt på seg til nå.
Koret begynte å øve på kantaten rett
etter Amnesty-konserten i oktober, og
i disse dager er de siste forberedel-
sene i gang for fullt.

Julekantaten er for soli, grupper, uni-
sont/to- og tresstemmig kor, diskant-
stemmer, en forteller, piano, kornetter,
bass og slagverk. Den er skrevet av
Trygve Bjerkheim og Mons Leidvin
Takle, og de er kjent for solide tekster
og glimrende musikk. Tekstene bygger
er på juleevangeliet, og kantaten inne-
holder bl.a. "hit'en" fra forrige
jul: "Den første jul" og den glade
englesangen "Ene være Gud".

Et kjempearbeid ligger bak, og vi
håper resultatet lar seg høre den
20.des. Du er hjertelig velkommen!

Hilsen Jardar.

BOKN


MUSIKKSKULE



Elever som ønsker å slutte eller begynne på en aktivitet for vårsemestret -88, må gi SKRIFTLIG beskjed til undertegnede innen 15.01.88.

All undervisning BORTSETT FRA BLANDAKORET, går ut i uke 51 p.g.a. forberedelser til julekantaten "Jul på jord"

Hilsen Jardar.



STILLING LEDIG I BOKN BARNEHAGE

Frå 04.01. til 01.07.88 er det ledig stilling som avdelingsleiar i Bokn barnehage. Arbeidstida er 6 timer pr. veke og er lagt til onsdag. Dersom ein av assistentane i barnehagen går mellombels inn i stillinga, vert det i staden ledig stilling som assistent i same tidsrom.

Same søknad kan gjelda begge stillingane. Søknad kan sendast Bokn skulekontor innan 15.desember 1987.

Stillinga er elles kunngjort ved oppslag på butikkane.

Skulesjefen.

Bygdeboknemnda etterlyser GAMLE BILDER

Bygdeboknemnda har nå vore i arbeid i vel 1 år.

Nemnda har hatt møte omlag 1 gong i månaden for å drøfta korleis arbeidet skal leggjast opp, utveksla erfaringar og synspunkt.

Dei einskilde medlemene av nemnda har dessutan gjort ein god del intervju-arbeid. Rundt 10 eldre personar er intervjeta om livet på Bokn då dei voks opp. Desse intervjeta er tatt opp på band, og skal etter kvart skrivast ned.

Dei vil seinare bli brukte i bygdebok-arbeidet.

For tida er ein i startfasen av eit arbeid med å registrera bilder. Nemnda vil ta kontakt med folk i Bokn med det føremålet å registrera bilder frå eldre tid.

Seinare er det meininga å kopiera desse bildene til bruk i ei bygdebok e.l.

God skatteinngang i Bokn.

Skatteinngangen for 1.halvår 1987 har vore god, og med ein auke på 7% i høve til 1.halvår 1986 vil det seia at det er kome inn kr.120.000,- meir enn i fjor i same tidsrom.

Utviklinga i skatteinngangen for juli, august og september er god, og ein anslår skatteinngangen for heile 1987 til å bli ca. 11% - eller kr. 400.000,- høgare enn total skatteinngang i 1986.

KOSELEG

PENSJONISTTREFF

Fredag den 30.oktober hadde SR-Bank Bokn på seg spander-buksa og tok på seg av den økonomiske sida av pensjonisttreffet på Allrommet i Kombibygget. Det var elles Bokn sanitetsforening og helse- og sosialstyret som hadde stått for den praktiske førebuinga.

Det var fulisett Allrom og god stemning då Bertha Våge kunne ynskja velkommen.

Som vanleg imponerte barnekoret med fin song - med Jardar som dirigent. Det same gjorde Oddrun og Venevil med song og pianospel.

Tidlegare skuledirektør Lars Beite hadde eit ypperleg kåseri som både hadde snert og humør.

Nydelege smørbrød frå lokal leverandør saman med kaffi og kake gjorde sitt til at drøsen gjekk livleg - som vanleg er på pensjonisttraffa.

Tilskot til sals- og utstilling- lokale for lokalt kunsthandverk

Bokn kulturstyre har løyvd kr.3.000,- til oppussing av eit sals- og utstillingslokale for lokalt kunsthandverk i det tidlegare banklokalet i Foresvik.

Det er meininga at boknarar som driv med eigen produksjon av husflid/kunst/handverk skal kunna stilla ut og selja varene sine frå dette lokalet.

Det blir sjølsagt organisert slik at utsalet/utstillinga får faste åpnings tider, og ein håper at dette også kan bli eit senter og inspirasjonskjelde for folk som har interesse for kunst og husflid. Det vil bli lagt vekt på at varene får fin presentasjon i lokalet, og at det blir ein plass med miljø!

**UTVIDING AV
STILLINGA SOM
KOMMUNAL MUSIKK-
LEIAR.**

Bokn skulestyre vedtok i møte den 12. november 1987 å utvida stillinga som communal musikkleiar frå 1.01.88 til halv stilling. 6,5 skuletimar vert avsett til administrasjon, og resten til undervisning.

I dag er storleiken på stillinga 1/3 av full stilling, der 3 timer pr. veke er avsett til administrasjon, resten undervisning.

Kostnaden på utvidinga er kr.27.000,- pr. år, og utgiftene er lagt inn i skulebudsjettet for 1988.

Saka er såleis ikkje endeleg avgjort før kommunestyret har vedtatt budsjettet for 1988.

Fargeanalyse

Har du problemer hvilken farge du kler best.
Eg kan tilby fargeanalyse, og om du ønsker make-up som passer. Gruppe frå min. 3 til max. 6 personer kr.190 pr.stk. Enkelt-personer kr.300. Fargekart (guide) kr.265,-.

**JULETILBUD
Solarium**

Kr.15,- pr.gang. Kort a 12 ganger kr.165,-.

Kontakt May Elisabeth Alvestad
tlf.nr. 74 83 24.

KOM SÅ BYGGER VI



**Se vår
huskatalog**

70 SIDER MED HUS
OG INFORMASJON !

Kontakt vårt kontor –
kom gjerne innom –
så får du se tegninger
på det huset du vil ha.

HØY STANDARD • GUNSTIGE PRISER

VI HAR KONTOR PÅ BOKN (GAMLE SR-BANKSLOKALER)

KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN

**FAST KONTORTID:
MANDAG OG TORSDAG**

KL. 17 - 19

FOR AVTALER: TLF. 748501

AVALDSNES KIRKE
UTVIK



UTVIK
TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES - TLF 04-843 III

TIDLEGARE SKULE-

START

Pedagogisk tilbud til 6-åringane.

Referat frå foreldremøte på Bokn Skule
5.nov. 1987.

I dei seinare åra har spørsmålet om tidlegare skulestart stått sentralt i debatten om den norske skulen i framtida.

Som ein del av Grunnskuleveka vart det tillyst foreldremøte med dette som emne.

Innleiar på dette møtet var Tove Freier frå Sola kommune. Ho orienterte om eit prosjekt i Sola kommune der seksåringane i fire skulekrinsar var med i eit opplegg som omfatta omlag 100 barn. Dei hadde lokale på skulen og opplegget var over 15 timer fordelt på tre dagar pr. veke.

Dette forsøket er ein del av eit landsomfattande forsøk (11 kommunar), og bakgrunnen for desse forsøka er mellom

anna å utprøva opplegg for å betra overgangen frå barnehage til skule, og betra kontakten mellom barnehage og skule.

Desse forsøka er også ein del av bakgrunnserfaringane når spørsmålet om senka skulestart til 6 år skal vurderast.

Resultata av desse forsøka vil bli vurdert frå mange synsvinklar. Mellom anna vil ein vera interessert i om slike tilbud kan motverka aukinga av lese-skrivevanskjar som ein ser i skulen i dag.

Ein vil også prøva å måla om desse elevane generelt sett vert meir moden for læring.

Desse forsøka følgjer barnehagemodellen, men nærmar seg skulen sin måte og arbeida på. Utgangspunktet vil heile tida vera kva forutsetningar ein seksåring har. Gjennom tilrettelagde øvingar og målrette leikeaktivitetar vil seksåringane gradvis kunna modnast til å få ein lettare og meir lik skulestart i 1.klasse.

Arbeidet i Sola er lagt opp slik at samarbeidet barnehage/skule vert noko heilt anna enn tidlegare. M.a. følgjer førskulelæraren si seksårsgruppe den første veka i første klasse.

Skulesjefen i Bokn orienterte om det tilbuet som seksårsgruppa her har hatt sidan 1978.

Ein god del av innhaldet i dette opplegget kan minna om det dei har gjort i Sola kommune. Kanskje kan ein vurdera om det er tid for å utvikla vår modell vidare med eit meir systematisk samarbeid mellom barnehage og skule for seksåringane?

Etter innleiinga var det ei interessant meiningsutveksling, men skuffande få av foreldra, særleg av småbarnsforeldra, hadde møtt fram.

Styret.

DISTR. TANNKLI- NIKKEN PÅ BOKN

MELDING TIL VÅRE UNGDOMSPASIENTER.

Født i 1967 - 68 - 69 - 70 - 71.

Ring snarest dersom dere vil ha time i juleferien.

Tlf. 74 85 00 eller 74 84 34.

Gratis tannbehandling ut året dere fyller 18. 75% avslag fra 18 og ut året dere fyller 20.

P.S. Pensjonister får kr.300,- dekket pr. år av kommunen.

Helsing


Distr.tannklinikken på Bokn.

Kan nå skaffe luta
halm for kr. 1,50
pr. kg, fritt
levert.



4290 FØRESVIK

Biblioteket



OPNINGSTIDER:

TYSDAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

TORSDAG: 10⁰⁰ - 13⁰⁰

LESETIPS FOR JULEHELGA og NYÅRET:

- * Anderson, Gidske:
Bedre kan jeg ikke fare-.
- * Dyrhaug, Tore:
Brennpunkt 1917.
- * Öksendal, Asbjörn:
Hævnhug.
- * Hanssen, Arvid:
Frontene:
- * Arntzen, Arthur:
Æ lyg ikkje.
- * Walpole, Hugh:
Herries-serien. Bd. 1-12.
- * Kyle, Duncan:
Operasjon Iskalott.

NYE TLF: 748500
bøker for barn:

- * Jonsmoen, Unni-Lise:
Zheng Mei og draken.
- * Civardi, Anne:
Begynne på skolen.
- * Moen, Torhild:
Gamlemor og Tullemor.
- * Ronge, Kari:
Martin til sjös.
- * Brekke, Toril:
Mannen som hatet fotball.
- * Hjorth, Vigdis:
På hjørnet om kvelden.
- * Skeie, Eyvind:
Flaggermusgutten.

God jul ~ ~ Godt nytt år!



**FORDELING AV
EIGEDOMSSKATT
FRÅ GASSKRAFT-
VERK.**

Både Bokn og Tysvær kommunestyre har vedteke avtalen.

Tysvær kommunestyre var først ute og godkjende avtalen mellom Tysvær og Bokn om fordeling av eigedomsskatt eller tilsvarende frå gassbasert industri/verksemid i Ognøy/Kårstøområdet.

I kommunestyremøte den 3.november 1987 vedtok også Bokn kommunestyre denne avtalen. Vedtaket var samrøystes.

**Bokn kommune lånar
2 mill. kr. til
bygging av kai og
kloakkledning i
Knarholmen.**

I kommunestyret den 3.november vart det vedteke å ta opp eit lån på 2 mill. kr. i byggelån til bygging av almenningskai og felles kloakkledning i Knarholmen.

Dei totale utgiftene til desse anlegga utgjer ca. kr. 2.247.000,-. Saman med andre store investerings- og driftsutgifter i 1987 har desse anlegga tært hardt på kommunen sine kontant- og kapitalmidler.

**PRESTEGJELDSGRENSER
for
Tysvær prestegjeld**

Bokn kommunestyre vedtok den 3.nov. 1987 å slutta opp om framlegg om å oppretta eit nytt prestegjeld som omfattar Tysvær og Bokn kommune med fylgjande 4 sokn:

Tysvær, Førdesfjorden, Nedstrand og Bokn.

**Kyrkjesskyssen
held fram.**

Bokn kommune har hatt ei ordning med kyrkjesskyss.

Det har vist seg at ruta om Gunnarstad, Håland og Are mest er tomkjøring, og Bokn sokneråd har ovafor formannskapet kome med framlegg om at frå 1.januar 1988 skal bilen gå frå Trosvik om Grønnestad, Jøsang, Dagsland, Vatnaland til Kyrkja, og til Alvestadkroken og Foresvik som før.

Bokn formannskap har vedteke at dette skal vera ei prøveordning frå 1.januar 88 - 1.mai 88.

Fram til årsskiftet går ruta uforandra.

**Selvgort er
vel gjort -
og mye rime-
ligere.**

RENS TEPPENE TIL JUL!

Lei spesial-rensemaskin, og teppet får tilbake fargen, mykheten og glansen som den gang det var nytt. Høytrykk-steamer for grovren gjøring.

Solarium døgnservice.

Håkon Bokneberg tlf 74 83 56

Utviding av bemanningsa ved sjukestova/åpen omsorg.

I utgangspunktet hadde Rogaland fylkesskommune løyvd midlar til 7 stillinger til å driva Bokn sjukestove. Dette var før arbeidstidsforkortingen kom i 1987. I tillegg hadde heimesjukepleien i Bokn 2,5 stilling. Når nå Bokn helse- og sosialstyre har vedtatt å styrka bemanninga ved sjukestova/åpen omsorg med 3/4 stilling frå 1.jan. 1988, er det i realiteten ikkje noko utviding i høve til det ein ville hatt utan å samordna tenestene ved sjukestova/åpen omsorg. Sjøl om ein nå vil styrka bemanninga for å få betre høve til å utføra oppgåvene i åpen omsorg (heimesjukepleien), og få ein turnus som fylgjer bestemmelsene i arbeidsmiljølova, vil ein totalt sett ha ein gevinst i antal stillinger i høve til utgangspunktet. Saka skal opp til avgjerd i kommunestyret den 15.desember. Bokn formannskap har gjort vedtak om at ein skal få forelagt ei vurdering av drifta ved sjukestova/åpen omsorg før ein eventuelt vedtek å oppretta ny stilling som sjukepleiar. Midlene til stillinga blir sett opp frå 1.april 1988. Rådmannen har gått inn for stillinga frå 1.jan. 1988.

Hårfixen Studio
har tlf. nr. 74 86 05

STIPEND TIL SKULEUNGDOM.

Bokn skulestyre vedtok i møte den 12.november 1987 at det skal førast opp kr.30.000,- i stipend til skuleungdom i vidaregåande skule. Kvar elev vert tildelt kr.1.000,- i årleg stipend.

Kommunestyret skal avgjera om dette vert den endelige summen under budsjettmøtet før jul.

Plannemnd for aldersbustader.

Bokn kommunestyre vedtok for eit år sidan å setja av kr.165.000,- til nye aldersbustader.

I det siste kommunestyret den 3.november var denne saka på sakskartet. Tilrådinga gjekk ut på at ein skulle setja ned ei plannemnd som m.a. skulle vurdera behovet for aldersbustader, vurdera tomteframlegg, forslå tempoplan for gjennomføring osv.

Då det kom fram at budsjettsituasjonen for 1988 var vanskeleg, vart det vedteke at saka skulle utsetjast til budsjettmøtet i desember.

Helgestasjonen
Helgestasjonen er stengd mandag 28. desember.

ARRANGEMENT I DESEMBER OG JANUAR

Søndag 13.des. Lucia fest, kl.18.30,
Bokn skole.
Mandag 14.des. Kino, Bokn skole.

Tirs. 15.des. "Vi synger jula inn",
kl.19.15 (Kyrkja)
Tors. 17.des. Skuleavslutning.
Gymsalen.
Søndag 20.des. Konsert v/Bokn barne-
kor.: "Jul på jord",
kl.16.30, Bokn skole.
Tirs. 22.des. Austre Bokn Gutte/
Jenteklubb har jule-
fest, kl.19.00.
2.juledag Diskoteket.

Søndag 27.des. Juletrefest for barn
(foreldrerådet),
kl.16.00, Bokn skole.
Mandag 28.des. Frelsesarmeens jule-
trefest, kl.19.00.
Onsdag 30.des. Frelsesarmeens jule-
trefest, A.Bokn.
Onsdag 30.des. Fiskarlaget har fest.
Torsdag 31.des. Diskoteket.
Lørdag 16.jan. Diskoteket.

Onsdag 20.jan. Årsmøte, skulekorpset.
Lørdag 23.jan. Dans, Bokn Brass,
musikk: Embassy.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 11.
januar. Påmelding til sosialkont-
oret, tlf. 74 85 00.

TENK PÅ SKATTEN FOR 1987

Har du nytta Spareordninga SMS og
AMS (Aksjesparing med
skattefrådrag) fullt ut?

Me set pris på om du vil ordne dette i god tid før nyttår.

NB. Nye (og betre) rente-
satsar:

For dei første 15.000: 9%
For alt overskytande: 14%

Lurer du på om det er nok på SMS-
kontoen?

Eller kva tid den er ferdig?
Stikk innom, eller ta ein telefon så får du svar straks.

I heile desember byr me på kaffi og kaker.
Gje deg tid til ein pause i julestrida.



VELKOMEN I BANKEN

